

Går ikkje med på endra byggjegrænse

09.10.2009



Vegvesenet går mot endring av byggjegrænsa frå 20 til 12 meter i dette området (nedafor Geilo, som tar av frå riksvegen i forgrunnen).
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Statens vegvesen går ikkje med på endra byggjegrænse for Gartneritomta frå 20 til 12 meter frå senter i riksvegen og vurderar å knyta motsegn mot ei slik planendring. Vegvesenet oppmodar om at prosjektet vert omarbeidd slik at eksisterande byggjegrænse vert halden.

Vegvesenet vil med andre ord ikkje tilrå endring av byggjegrænsa slik at det kan byggjast nærare riksvegen enn det som gjeldande reguleringsplan tilseier. I utgangspunktet er generell byggjegrænse til riksveg 50 meter. I reguleringsplanar kan denne grænse fråvikast, som det allereie er gjort i dette tilfellet.

Statens vegvesen peikar på at nordaust for det aktuelle området er det fleire hus som ligg nærare enn 20 meter frå senter riksveg, men mot sørvest er det ikkje bygningar som ligg nærare riksvegen. Vegvesenet ynskjer ikkje at det blir etablert nye bygningar nærare riksvegen enn 20 meter på denne strekninga.

Når det gjeld støy i høve nye bygningar, må desse følgja teknisk forskrift med omsyn til støydempende tiltak. Dette gjeld også for nye bygningar som ligg lenger enn 20 meter frå senter veg, skriv vegvesenet til Kvinnherad Bygg, som har fått prosjektet.

Av Ola Matti Mathisen